



EIGEDOMSSKATTEVEDTEKTER FOR VESTNES KOMMUNE

Vedteke av Vestnes kommunestyre 07.04.2011

Revidert i kommunestyre 16.06.2011

Revidert i kommunestyre 29.03.2012

Revidert i kommunestyre 07.02.2013

KAP. I – SAKKUNNIG NEMND

§ 1-1 I medhald av eigedomsskattelova § 8A-3, vel kommunestyret ei sakkunnig nemnd og ei sakkunnig ankenemnd til å verdsetje eigedomar i Vestnes kommune på bakgrunn av forslag frå synfaringsmenn.

Den sakkunnige nemnda skal vere samansett av fem medlemmar (leiar, nestleiar og tre medlemmar). Nemnda er vedtaksfør når minst 3 medlemmar møter.

Den sakkunnige ankenemnda skal vere samansett av fem medlemmer (leiar, nestleiar og tre medlemmer). I tillegg skal det veljast to varamedlemmer.

Når eit medlem fråtrer for godt i ein valperiode, rykkjer 1. vara opp som nytt fast medlem, og dei andre varamedlemmene opp ein plass.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar i nemndene

Valperioden følgjer kommunevalperioden.

§ 1-2 Kven kan veljast, habilitet og møteplikt.

Alle som har plikt til å ta imot val til kommunestyret, kan veljast og har plikt til å ta imot val som medlem i sakkunnig nemnd og i sakkunnig ankenemnd. Medlem av formannskapet skal ikkje vere med i den sakkunnige nemnd eller sakkunnig ankenemnd, jf eigedomsskatteloven § 21. Dette gjeld også varamedlemmer til formannskapet.

Ein medlem er inhabil til å ta del i taksten når medlemen:

- a) sjølv er eigar, panthavar eller leigetakar til eigedomen,
- b) er i slekt eller i svogerskap med ein som er nemnd i pkt. a i opp- eller nedstigande line eller sideline så nær som søsken,
- c) er eller har vore gift, partner eller trulova med, eller er fosterfar eller fostermor eller er fosterbarn til eigar,
- d) er verge for ein person som er nemnd under pkt. a,
- e) er styrar eller medlem av styret for eit selskap, foreining, bank, stifting eller offentleg skipnad som er eigar, panthavar eller leigetakar til eigedomen,

Likeeins er ein medlem inhabil når andre særeigne tilhøve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til habiliteten til ein medlem.

Nemnda avgjer sjølv om ein medlem er habil eller ikkje.

§ 1-3 Medlemmer av den sakkunnige nemnda og sakkunnig ankenemnd pliktar å stille til alle møte i dei respektive nemndene, med mindre det ligg føre lovleg forfall.

§ 1-4 Nemndene kan be eigedomsskattekontoret søkje anna sakkunnig hjelp til å kome med fråsegner på det bygningstekniske, industrielle, maskintekniske, juridiske eller andre område når dette vert funne nødvendig, under dette framlegg til takst.

Desse sakkunnige deltek ikkje i sjølve takseringa og har ingen stemmerett.

KAP II – FØREBUING AV TAKSERINGA

§ 2-1 Administrasjonssjefen syter for å opprette eit eigedomsskattekontor. Det ligg til eigedomsskattekontoret å syte for alt administrativt og kontormessig arbeid for den sakkunnige nemnda og ankenemnda.

§ 2-2 Eigedomsskattekontoret skal utarbeide liste over eigedomane som den sakkunnige nemnda skal vurdere.
Det skal lagast eiga liste over eigedommar som er fritekte etter eigedomsskatteloven §§ 5 og 7. Eigedommar som er fritekte etter § 5 skal ikkje takserast. Administrasjonssjefen bestemmer om eigedommar som er fritekte etter § 7 skal takserast.

Det skal etablerast eiga liste over næringseigedomar, verk og bruk.

§ 2-3 Eigedomsskattekontoret førebur takseringa ved å hente inn tilgjengeleg informasjon om den einkilde eigedom. Eigaren skal gjerast kjent med dei opplysningar om eigdommen som kommunen har, og gjevast høve til å uttale seg.

Eigedomsskattekontoret kan be eigarane utlevere opplysningar av verdi for taksten.

§ 2-4 Eigedomsskattekontoret engasjerar synfaringsmenn i samråd med den sakkunnige takstnemnda.

KAP. III – GJENNOMFØRING AV TAKSERINGA

§ 3-1 Det ligg til leiaren av den sakkunnige nemnda, i samarbeid med eigedomsskattekontoret, å planlegge og leie arbeidet med takseringa. Eigedomsskattekontoret sin leiar skal innkallast til alle møta i nemndene.

Eigedomsskattekontoret fastset tid og stad for møta i samråd med nemndene, og tidspunkt for synfaringa i samråd med synfaringsmennene.

§ 3-2 Før den allmenne takseringa tek til, skal sakkunnig nemnd drøfte og vedta alminnelege retningslinjer for takseringa for å sikre størst muleg likskap i vurderinga.

Den sakkunnige nemnda skal gjennomføre prøvetaksering for å fastsetje prisnivået for takseringa.

Det skal førast protokoll for møta i sakkunnig nemnd.

§ 3-3 I samarbeid med eigedomsskattekontoret er den sakkunnige nemnda ansvarleg for å gje synfaringsmennene informasjon og rettleiing om praktiseringa av dei alminnelege retningslinjene.

§ 3-4 Eigedommen sin eigar, eller den som har fullmakt frå eigar, skal varslast skriftleg eller ved kunngjering i lokalpressa/heimesida til kommunen om at synfaring skal haldast.

§ 3-5 Alle eigedomar skal synfarast. I samband med synfaringa innhentar synfaringsmennene informasjon om eigedommen.

- § 3-6 Med bakgrunn i dei forslag som eigedomsskattekontoret legg fram fastset sakkunnig nemnd takstane i møte.

Forslag til takst skal innehalde grunnlagsdata og prinsippa for verdsettinga. Den sakkunnige nemnda tek i samband med fastsettinga av taksten stilling til om ein eigedom skal reknast som verk og bruk og kva for maskiner og tilhøyrande utstyr som i tilfelle skal takast med i taksten.

Nemnda avgjer saker etter eigedomsskattelova § 5.

Taksten skal setjast til eit tal som kan delast med 1 000. Grunn og bygning kan takserast for seg dersom dei har ulike eigarar.

Synfaringsmennene deltek ikkje i den sakkunnige nemnda si fastsetting av taksten.

- § 3-7 Sakkunnig nemnd fører i tillegg til møteprotokoll ein takstprotokoll. Takstprotokollen skal innehalde opplysningar om skatteeigedommen og takstsummen.

KAP. IV – OMTAKSERING/SÆRSKILD TAKSERING

- § 4-1 I perioden mellom dei allmenne takseringane skal omtaksering/særskilt taksering gjerast etter dei retningslinjene og vilkår som går fram av Vestnes kommune sine "Rammer og retningslijer for taksering etter lov om eigedomsskatt" og Eigedomsskattelova § 8 A-3, 5. og 6. ledd.

Eigedomsskattekontoret førebur omtaksering/særskild taksering når melding eller anna materiale viser at vilkåra for dette ligg føre. Sakkunnig nemnd avgjer om omtaksering/særskild taksering skal gjennomførast.

- § 4-2 Krav om omtaksering/særskild taksering kan fremjast av den skattepliktige eller av formannskapet. Frist for å krevje omtaksering/særskild taksering er 1. november i året før skatteåret. Kravet skal setjast fram til eigedomsskattekontoret.

- § 4-3 Når skattytar set fram krav om omtaksering/særskild taksering mellom to allmenne takseringar, skal den skattepliktige sjølv bere kostnadane med taksten.

- § 4-4 Den sakkunnige nemnda tek stilling til om vilkåra for omtaksering/særskilt taksering er til stades.

Verdsettinga skal skje etter same prinsipp og same prisnivå som ved førre allmenne taksering.

Skattytar vert orientert om taksten ved melding om vedtaket.

KAP V – KLAGE

- § 5-1 Skattyter kan klage på taksten og/eller utskrivinga innan seks veker frå det seineste tidspunktet av utsending av skattesetel og kunngjering av at eigedomsskattelistingene er lagt ut.

Klage over taksten kan fremmast kvart år i samband med den årlege utskrivinga av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare.

§ 5-2 Ved overskriding av klagefristen kan det gjevast utsetting når skattytaren ikkje kan klandrast for overtreding av fristen, eller det er av særleg stor verdi å få handsama klaga.

§ 5-3 Klage over vedtak fatta av eigedomsskattekontoret

Dersom klagen gjeld eit vedtak som er fatta av eigedomsskattekontoret i første instans (f.eks. utrekning av skatten, tildeling av botnfrådrag.....) kan eigedomsskattekontoret behandle saken og oppheve eller endre vedtaket dersom det finn klagen begrunna.

Dersom eigedomsskattekontoret ikkje finn grunn til å gje klagar medhald, vert saka oversendt til sakkunnig nemnd.

§ 5-4 Klage over vedtak fatta av den sakkunnige nemnda

Den sakkunnige nemnda kan endre taksten i skattytaren sin favør dersom den ut frå grunngjevinga for klagen kan gje klagaren medhald. I motsett fall vert klagen sendt vidare til den sakkunnige ankenemnda.

§ 5-5 Behandling i sakkunnig ankenemnd

Ved klage over taksten skal sakkunnig ankenemnd synfare eigedommen.

Den sakkunnige ankenemnda kan prøve alle sider av saka og kan endre taksten til skattytaren sin ugunst.

§ 5-6 Den sakkunnige ankenemnda utarbeider ein protokoll med ei kort grunngjeving for vedtaket.

§ 5-7 Ein klage frittek ikkje skattytar frå å betale utskrivne skatt innan ordinære forfall.

§5-8 Takst fastsett av sakkunnig ankenemnd er endeleg og kan berre overprøvast rettsleg.

KAP. VI – DIVERSE REGLAR

§ 6-1 Kommunestyret fastset godtgjersla til nemndsmedlemene.

Eigedomsskattekontoret fastset godtgjersla til sakkunnige som er nemnt i § 1-4.

Eigedomsskattekontoret syter for at godtgjersle vert utbetalt.

§ 6-2 Ved utskriving av eigedomsskatt første gong må allmenn taksering vere avslutta innan utgangen av juni i skatteåret. Seinare år skal eigedomsskatten vere utskrivne og skattelista offentleggjort så sant råd er innan 1. mars i skatteåret. Første året det måtte bli gjort vedtak om innføring av botnfrådrag er fristen 1. april.

§ 6-3 Eigedomsskattekontoret fører eigedomsskattelite med slikt innhald som nemnt i eigedomsskattelova § 15. Lista skal ligge ute til offentliggjennomsyn i minst tre veker etter at det er kunngjort at lista er lagt ut. Det skal kunngjerast i lokalavisa og på kommunen si heimeside når og kvar utlegginga finn stad. Kunngjeringa skal

innehalde opplysningar om fristen for å krevje overtakst og kven klagen skal sendast til.

På same tid som eigedomsskattelista vert lagt ut vert skattesetel sendt skattytar.

§ 6-4 Eigedomsskatten forfell til betaling etter dei terminar som kommunestyret fastset.

KAP. VII – IVERKSETJING

Denne vedtekta tek til å gjelde frå vedtaksdato 07.04.2011.

Revideringar vert gjeldande frå vedtaksdato i Vestnes kommunestyre.